

Laurdag er det vorspiel til Festidalen - på Garage i Bergen frå klokka 18 til 21. Det vert konkurranse med festivalpass som premie, sal av billetter og t-skjorter, informasjon og bandslepp til eit fullbooka festivalprogram samt minikonsert med Robert Smith-Hald og Fusas Finest, opplyser Hege S. Eikenes til uskedalen.no

Innimellom slaga vert det spela musikk frå sommarens artistar over stereoanlegget.

Men kven er så Robert Smith-Hald?

Han kan minna om ein sprek sekstitalls Bob Dylan og ein potent syttitalls Bruce Springsteen.

Men trass i rikhaldige referansar er det mannen, livet og historia som kjem fram når han presenterer sin folk-rock/americana. Bandet hans består av medlemmer frå Fusa og Kjetil Tofte, som opphavelig er frå Halsnøy.

Festivalen var til stades på konsert med dei i Oslo i februar og er mektig imponert over både stemma og tekstane til Robert og prestasjonane til bandet.

Hege S. Eikenes oppmodar alle som kan om å komma til vorspielet. Dette er ein ypperleg mogelegheit til å møta kvinnheringar og andre Festivalenvener.

Av Ola Matti Mathisen